



STUDIEFORBUNDET
KULTUR og TRADISJON

Vev- opplæringa

Kursa i Vevopplæringa er bygd opp kring kompetanse-
måla i læreplanen for handvevarfaget VG3, og kan inngå
som ein del av vegen til sveinebrev.

Vevopplæringa er eit samarbeid mellom Norges
Husflidslag og Studieforbundet kultur og tradisjon.



Vevopplæringa er ei kursrekke på 7 kurs som gjev ei brei innføring i handvevarfaget.

Om undervisninga

Ved å fullføre heile kursrekke får du praktisk innføring i alle kompetansemåla i læreplanen for handvevarfaget VG3. Vevopplæringa legg vekt på praktisk arbeid i ulike teknikkar innan handveving, og skal blant anna medverke til å utvikle og stimulere til estetisk bevissthet og kritisk refleksjon. Opplæringa skal vidare gje forståing for forholdet mellom design, marknad og produksjon av handvevde produkt og tenestar. Mengdetrening må du sjølv sørge for undervegs. Har du som mål å ta sveinebrev kan du få individuell rettleiing mellom samlingane.

Opplæringa har som mål å stimulere til auka interesse for faget, og om mogleg enda fleire vevprodusentar og kurslærere i handveving i Noreg.

Om kursrekke

Kursrekke er ope for alle som ønskjer å lære meir om handvevarfaget, anten som grunnlag for eigenproduksjon eller næring. Kursa i Vevopplæringa er ikkje nybyrjarkurs, og det er inga opptakskrav for å delta, men for å få best mogleg utbytte av opplæringa er det ein fordel med grunnleggjande kunnskap i veving. Det blir også gjeve innføring i dataprogram for vev. Det er mogleg å ta heile kursrekke eller berre enkelte kurs. Kursrekke er lagt opp etter vanskegrad med anbefalt rekkjefølgje, dess lenger ut i rekke du kjem, dess større krav til forkunnskap.

Heile løpet går over tre år med to vekeskurs i året. Lærerne på Vevopplæringa er av dei beste på sitt fagfelt i landet.



www.kulturogtradisjon.no
post@kulturogtradisjon.no
tlf: 61 21 77 50



www.husflid.no
post@husflid.no
tlf. 22 00 87 00

Sjå moduloversikten på www.kulturogtradisjon.no/opplaeringstilbud